

Frigaard i kjedlaren i morgon

20.03.2009

Laurdag kveld blir det full rulle i Dønhaugkjedlaren for då kjem Terje Frigaard med band. Han har vore der før utan band og tilhøyrarane opplevde då eit fyrverkeri av ein musikal innan rocking'blues-sjangaren.

Terje har røter i kommunen og er godt kjent og omtykt av mange her. Sidan han kom med den første album 'Thrill Walk' for sju år sidan har han turnert intenst og på våre kantar har han ikkje minst gjort seg gjeldande på Skånevik-festivalen.

Chuck Berry, The Fabulous Thunderbirds og Kim Wilson er berre tre av mange som har sett spor i det store repertoaret hans.